



Det Kongelige Kommunal- og Moderniseringsdepartement
Postboks 8013 Dep
0030 OSLO

Referanser:

Dykkar:

Vår: 16/3728 - 16/32534

Saksbehandlar:

Frøydis Ones

Froydis.Ones@lindas.kommune.no

Dato:

28.11.2016

Uttale - begrensa høyring av reguleringsplanmal

Vi viser til høyringsnotatet av 18.10.2016 frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet som gjeld «Begrenset høyring av reguleringsplanmal».

Planavdelinga i Lindås kommune har hatt ei vurdering av dei tilsende føresegnsmalane. Lindås kommune har ikkje hatt eigen mal for føresegna fram til dags dato, men ser at det kan vere føremålstenleg å få ein viss struktur på føresegna slik at det er lettare å finne fram i dei vedtekne føresegna til ulike planar.

Likevel har vi nokre kommentarar til malen på eit heilt generelt nivå.

Slik plan- og bygningslova er utforma i dag kan det vere rom for å utforma føresegner om same tema etter fleire bestemmelsesparagrafer i plan- og bygningsloven. Dette kan føre til at det til dømes vert gitt føringar for estetikk etter fleire underkapittel under fellesbestemmelser. I den grad det har vore ynskjeleg å omtale eit tema samla, forstår vi det slik at dette ikkje vert mogleg i framlegget til mal. Med ei tilnærming som skissert vert det gjort val som bør vurderast nærare.

Dersom det skal innførast mal for føresegner må ein vurdere om dei bør utformast på ein slik måte at det er mogleg å bruke den som ei kvalitetssikring i prosessen med private aktørar, for planleggarar. Slik praksis er i dag, vert word dokumentet med føresegner sendt over fleire gonger før ein konkluderer med akseptabelt innhald. Vi ser det kunne vore utforma eit program som automatisk løfta tekst inn på «rett stad» i ein mal. Og på ein slik måte at oppdateringar kunne sporast tilbake både med omsyn til tidspunkt og kven som gjorde det. I handsaminga av reguleringsplanar er det eit møysommeleg arbeid å kvalitetssikre endringar i føresegna. Dette tek tid, og er basert på tillit. I den grad det er mogleg å gjennomføre, kan det ver ei føremon å få hjelp til kvalitetssikringsarbeidet. Ei sporing av endringar er ei tilnærming av dette. Dersom det ikkje alt er gjort i arbeidet, ber vi om at også prosessen fram til ferdige føresegner vert vurdert nærare i dette arbeidet.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Det ville vore ei føremon å fått testa malen ut i nokre kommunar før ein fastslo at dette er ein mal som vert tilrådd brukt.

Dersom det skal vere fast nummerering på kapitteloverskrifta vil konsekvensen enten verte at enkelte kapittel ikkje vert synleggjort. Dette kan fort oppfattast som feil i arbeidet av lesarar som også er andre enn reint profesjonelle foretak.

Med helsing

Frøydis Ones
konst. avdelingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Det Kongelige Kommunal- og
Moderniseringsdepartement

Postboks 8013
Dep

0030

OSLO